



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 08.04.2014

Sak nr.: 14/615-11

Internt l.nr.: 11417/14

Sak: 19/14

Tittel: Lærdal gb.nr. 45/29 - Synneva Eris hus, Husfred

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar eigar sitt ønskje om å bygge opp att ein eksteriørkopi av Synneva Eris hus. Dette samsvarar med kommunen sine ønskjer for attreisning i Lærdal, er i tråd med gjeldande reguleringsplan og vil passe inn med dei verneverdige bygningane i området. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil også prioritere arbeidet med å gje fagleg råd og rettleiing til eigar i hans arbeid med oppattbygginga, og til Lærdal kommune i samband med deira arbeid med reguleringsplan- og byggesaksarbeid.
2. Attståande midlar løyvd til istandsetjing av husa på gb.nr. 45/29 i 2013 vert omdisponert til arkitekthjelp i samband med attreisninga av hus på eigedomen. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil og utfordre Riksantikvaren til å yte ytterlegare midlar til arkitekthjelp og byggleiing for å sikre høg kvalitet på attreisninga.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set ut frå dette ikkje krav om att bygningane på gb.nr. 45/79 i Lærdal, Synneva Eris hus – Husfred , skal gjenreisast som dei opphavlege freda bygga, og ber Riksantikvaren oppheve fredingsvedtaket på gb. nr. 45/79 Synneva Eris hus – Husfred i Lærdal.

Saka var tidlegare handsama i sak nr 09/14 i møte 12.02.14 og vart då utsett.